

# FAU-møte 5.april 2018

torsdag 5. april 2018 20:05

Til stades: Geir Hauge (Oransje)- leiar, Anja Veum (Oransje), Hege Fuhr (Turkis), Hege Listou (Blå), Ina Kristin Melheim (Grøn) og Hilde Rønneid (Rosa). Anne Merethe Kvalsøren; styrar/ref.  
Fråfall: Linn Fuhr (Blå), Nina Lid (Turkis), Einvald Erichsen (Rosa)

## Sak 11/1718 Evaluering av julefesten:

- Me skulle ha laga ein plan på kven som har ansvar for kva. (Påfyll av graut, sukker, koke kaffi) No vart det tilfeldig og litt rotete.
- Juletregangen ute blir "hektisk". Trongt og liten lyd. Må me gå rundt juletre? Kan me ha ei anna form på dette? Heiter det juletefest eller julefest...?
- Må me ha graut? Kan ein ha fokus på berre ein av delene; anten grautfest eller juletefest med berre småkaker?
- Er eit alternativ å ha juleverkstad? Med evt gløgg? Då at foreldre og barn lagar noko saman på stasjonar på huset, og kosar seg med småkaker og gløgg...
- Ein kan ha meir innbetaling pr familie. Forslag om 100kr. Med tanke på å dekke både sommarfest og julefest.

## Sak 12/1718 Evaluering foreldremøtet

- Foreldremøte-lappen kom ut så tidleg at nokon gløymde det. Kanskje kunne ein sendt ut ei påminning?
- Fyrstehjelp - var bra.
- Psykologen - snakka om Trygghetssirkelen, og hadde mykje god kunnskap. Nokon ynskjer å høyre meir frå han.
- Fagområde-stasjonen om OL - hadde vore fint med døme frå alle basar/alle barn.
- Stasjon om språkløyper- kunne vore ein frå barnehagen som snakka om det, istadenfor å sjå film.
- Helsestasjonen- mange følte seg "truffet" av den, og den var relevant.

## Sak 13/1718 Planlegging av dugnad

- Førre dugnad vart oppfatta som at det var ein veldig fin samlingsplass. For born og foreldre. Men det var ulikt kva foreldre hadde oppfatta; om borna kunne vera med eller ikkje.
- Fint med dugnad.
- Anne Merethe finn ut kva barnehagen vil ha gjort på dugnaden.
- Dato: 7.mai kl 17.
- 3 FAU-representant bakar ei kake kvar (Hege L, Anja, Linn)

## Sak 14/1718 Planlegging av sommarfest:

- Dato: Forslag om 7.juni, men det viser seg å vera vanskeleg for Parken. Ny dato kjem snarast.
- Lage eit program, slik at foreldra veit om kva som skal skje. I fjor reiste alle etter programmet, og det var ikkje meininga. Då kan folk bli sitjande og kose seg og prate.
- FAU-møter 15.30 for å ordne klare grillane og skjære frukt.. Grillane varme frå kl 16. Program kl 17.
- Folk må berre sitje etter programmet er slutt.
- Frukt og platekaker. Me ynskjer heller platekaker enn kjeks. Det blir òg billigare. Ta med epledelar dei som har det. Bananer, epler, druer, melon
- Vipps 30kr for sommarfesten i år, sidan me tok litt for lite betalt på julefesten.
- FAU-representantane bakar ei kake kvar (Ina, Hilde, Hege F, Nina, Einvald)
- Borda blir satt opp kl 20 kvelden før. Barnehagen pyntar bord med syriner.
- Geir passsar på kven som handlar inn.

## Sak 15/1718 Barnehageopptak

- Frå august blir Gaupne barnehage redusert til 108 plassar att. (Mot 114 som det vart auka opp

til i januar - 18). Det var forventet eit stort press i august, sidan det var mange fødselar i fjor, men mest truleg blir dette presset utsett til januar. Og då vil ein stå i ein vanskeleg situasjon. No er det fullt i alle barnehagar i kommunen, og det er berre Gaupne som er "buffer". Det er ein uheldig situasjon, sidan den bufferen mest truleg vil vera altfor liten i januar.

- Styrar har snakka med oppvekst om dette, og seinast 14.mars 18 skrive mail om at FAU ynskjer ein uttale på kva kommunen tenkjer om dette. Leiar i FAU er ikkje kontakta.
- FAU ynskjer at saka blir løfta opp til SU.
- Det blir då SU-møte 11.april.

#### Ymse:

- Kva rutinar har barnehagen på kortid ein drikk kaffi i arbeidstida. Styrar fortel at dei tilsette har ikkje lov til å "gå rundt med kaffikoppen", men at ved måltid drikk nokon kaffi. Mange har termokoppar, elles er det rutinar for å ha halve koppar og uansett aldri gå frå ein kopp med kaffi i. Styrar tek dette oppatt med personalet sitt, for å sjå på om det er noko som kan/bør endrast på.
- Det er ynskje om brukarundersøking med jamne mellomrom.  
Styrar tykkjer det er bra, at foreldre har meiningar om barnehagen dei meiner er viktige å få fram. Det blir òg presisert at det er viktig å nytte FAU til å ta opp ting, og aller helst i samtalar med personalet eller evt med styrar. Det er mest matnyttig for barnehagen.
- Kva gjer barnehagen dersom det blir "for kaldt" å sove ute. Barnehagen har eigentleg ikkje noko alternativ til dette. Denne problematikken var aktuell i vinter, nokre dagar. Me har ingen rom å trille vognene inn i, og å legge dei på matter på golvet er òg ei ikkje fullgod løysing. Det vart prøvd å trille inn vognene i aulaen eitt år, men det vart varmt, borna sov ikkje, og på slike kalde dagar er heller ikkje dei andre borna særleg mykje ute. Og treng då aulaen til inneleik. Leiar vil ta denne saka med seg i SU òg. Ang utviding av barnehagen.
- Veke 33 er eit problem for dei som skal til på skulen. Då er nytt barnehageår starta så dei har ikkje plass i barnehagen lenger, medan skulen og SFO er ikkje starta oppatt så dei har heller ikkje plass der. Dvs at foreldre må ta fri den veka òg i tillegg til ein av vekene før og etter sommarstengt barnehage (veke 29 og 30). Me tek dette opp i SU.
- Henting/levering; korleis er det i Bukti? Er det lov å hente/levere/parkere derifrå? Skilt? Styrar er usikker og vil sjekke opp med Teknisk etat.
- Parkering på oppsida: Det er ofte kaotisk i hente/leveringstida. Ynskjer merka plassar. Og evt skilting om korleis parkere.  
Men det er tenkt å ha EI rad med bilar innåt "fortauskanten", altså ikkje heilt innåt veggen. Mellom bilane og veggen blir det då plass å gå.  
På den andre sida må det då ikkje parkerast då der skal det køyrast utatt.  
På ettermiddag er det ofte plass på parkeringsplassen til personalet, og den kan nyttast. Då må ein vise merksemd mot barn og vaksne som kryssar vegen.
- Onsdag 11.april kl 16.30. - SU-møte. Styrar kallar inn.

Ref: Anne Merethe Kvalsøren